



**Bjerkreim kommune  
Landbruk, miljø og teknikk  
Landbruksavdelinga**

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8114 Dep.  
0032 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
2010/67-23	
Mottatt:	23 APR 2010
Saksbehandl.:	Arkiv.:
ASR/SEB	410
Kopit.:	Avskr.:

Vår saksbeandler: Dykker ref.: Vår ref.: Arkiv: Dykker dato: Vår dato:  
Gerd Siqveland Engelsjerd 201000067-/IAA 10/2820 TI-&13, FA- 21.04.2010  
Telefon: 51 20 11 70 10/179 V30  
E-post: gerd.siqveland-engelsjerd@bjerkreim.kommune.no

### **Melding om vedtak**

Viser til høyringsbrevet datert 17.02.10 ang. endring av Forskrift om nydyrkning. Det er gjort følgjande behandling av saka:

#### **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

Bjerkreim kommune går sterkt imot forslaget til endring av § 6 i nydyrkingsforskrifta, som vil resultera i forbod mot dyrking av myr; jfr. grunngjevinga ovafor. Skulle det derimot likevel verta innført noko forbod, må omfanget verta langt mindre. Forbodet må evt. gjelda myr som har eit langt djupare torvlag enn 30 cm, og dyrking der torvlaget vert liggjande under fastare jordlag, må kunna godkjennast.

#### **19.04.2010 Driftsutvalet - Møtebehandling:**

Rådmannen sitt forslag blei samråystes vedteke.

#### **DRU-021/10 Vedtak:**

Bjerkreim kommune går sterkt imot forslaget til endring av § 6 i nydyrkingsforskrifta, som vil resultera i forbod mot dyrking av myr; jfr. grunngjevinga ovafor. Skulle det derimot likevel verta innført noko forbod, må omfanget verta langt mindre. Forbodet må evt. gjelda myr som har eit langt djupare torvlag enn 30 cm, og dyrking der torvlaget vert liggjande under fastare jordlag, må kunna godkjennast.

Med helsing

Gerd Siqveland Engelsjerd  
landbrukssjef



Saksbehandlar: landbruksjef Gerd Søqveland Engelsjerd

ArkivsakID: 10/179

Arkivkode: TI-&13, FA-V30

Saksnummer	Utval	Møtedato
021/10	Driftsutvalet	19.04.2010

## Høyringsuttale til: Forslag om endring i forskrifta om nydyrkning

### Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg  
29503 Høring - Forslag om endringer i FOR-1997-05-02-423 - Forskrift om nydyrkning

### Saka gjeld:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt på høring eit forslag om endring av nydyrkingsforskrifta som vil resultera i forbod mot dyrking av myreal. Formålet er å redusera framtidig utslepp av CO<sub>2</sub> og lystgass. Høyringsfristen er sett til den 30. april.

### Faktiske opplysningar:

I St.meld. nr. 39 (2008-2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*, er det vist til at eit verksamt tiltak for å redusera framtidige utslepp av CO<sub>2</sub> frå jordbruket, er å stansa nydyrkning av myr. LMD foreslo i meldinga at bl.a. klimaomsyn skulle takast inn som ein del av målsetjinga i § 1 i nydyrkingsforskrifta på linje med biologisk mangfald, kulturminne og næringsomsyn.

Nydyrkning av myr vil i fleire år føra til utslepp av klimagassar som CO<sub>2</sub> og lystgass, heilt til torvlaget er nedbrote og jorda omdanna til mineraljord. For å redusera framtidig utslepp av klimagassar, er det derfor fremma forslag om at det i forskrifta § 6 skal innførast forbod mot dyrking av myr større enn 2 dekar og med djupare torvlag enn 30 cm.

### Vurderingar:

Bjerkreim kommune synest det er viktig å setja inn tiltak for å redusera utslepp av klimaskadelege gassar, men vi meiner at å innföra forbod mot dyrking av myr ikkje er det rette tiltaket. Grunnane for dette er fleire:

#### 1. Utvida produksjonsgrunnlag

Ut frå geologiske og naturgitte grunnar er myrområde ein naturlege del av arealet i store deler av landet, også i Bjerkreim. Oppdyrkning av myrområde har såleis vore viktige areal for styrking av produksjonsgrunnlaget på gardsbruka opp gjennom lengre tid både i vårt fylke og andre stader. For dei fleste eigedomane er arealgrunnlaget minimumsfaktoren for utviklinga av garden og produksjonen, og med det kva sysselsetting bruket skal kunna gi. Skal ein gjennomföra den innstraminga som er foreslått, vil det stoppa utviklinga for mange gardsbruk framover.

I Bjerkreim var det ved søknaden om produksjonstilskot i 2009 registrert ca. 23. 400 da dyrka og overflatedyrka jord. Dette gir eit gjennomsnitt på ca. 115 da dyrka jord/søkjær av arealtilskot. Dette talet inkluderer all leigejord, så antal dekar dyrka jord på gardsbruk i kommunen er lågare. I Rogaland er tilsvarende tal 123 da/dyrka jord/søkjær.

Tabellen nedafor viser kor mykje det har vorte dyrka dei 4 siste åra, og kor mange dekar som er godkjent til nydyrkning. Vi har dessverre ikkje registrert kor mykje av dette som er myr.

	2009	2008	2007	2006
Nydyrka areal - dekar	203	92	135	57
Antal dekar som vart godkjent til dyrking	52	209	110	125

Etter jordregisteret frå 2006 er det totalt ca. 16.000 da myr i Bjerkreim. Kor mykje av dette som er dyrkbart, er ikkje talfesta. Men etter det gamle jordregisteret frå 1980 var det då vurdert at ca. 3.300 da av myrarealet kunne dyrkast. Vi kjenner til fleire bønder som på sikt har planlagt å nydyrka myr på sitt gardsbruk, det då nesten berre er denne type areal dei har igjen å dyrka. Dei fortvilar dersom forbodet vert innført.

I dag er det litt lettare å få tak i leigejord enn for berre få år sidan, då fleire vel å slutta som bønder. Det er kostbart å dyrka, og fleire vil derfor leiga jord dersom dei får tilbod om dette i nærleiken av garden. Men det er svært urimeleg dersom det no skal setjast forbod mot dyrking av myr, for dei som ynskjer å utvida driftsgrunnlaget på sin eigen gard.

## 2. Matproduksjon

Folketalet både her i landet og ikkje minst på verdsbasis er klart aukande. Med dagens befolkning har vi ei sjølvforsyningssgrad på berre rundt 50 %. Målsettinga er at ved auka folketal skal landet oppretthalda ein sjølvforsyningssgrad minst på dagens nivå. Ved innføring av foreslått forbod, vil ein fort redusera høvet til å oppnå ei slik målsetting då myrområda fortsatt utgjer store potensielle dyrkingsområde. Av det arealet i Noreg som er klassifisert som potensiell dyrkbar jord, utgjer myr ca. 30 % - om lag 2,5 millionar dekar.

Jordbruksdrift vil alltid føra med seg negative aspekt i ei eller anna form. Det gjer at dei utfordringane vi står ovafor i matforsyningssituasjonen og krav om redusert utslepp av klimagassar, står i eit motsetningsforhold til kvarandre. Vi meiner det er rett å prioritera eit så elementært behov som mat, og dermed må myr framleis kunna dyrkast dersom det ikkje er alternative areal på bruket.

## 3. Fotosyntese

Ved aktiv bruk av myrjordområdet til jordbruksproduksjon vert bindinga av CO<sub>2</sub> via fotosyntesen langt høgare enn med eit plantebede ein vanlegvis finn på myrjord.

Ofte vert store myrområde lagt ut til industri- og anna utbyggingsområde. CO<sub>2</sub>-danninga og produksjonen av lystgass vert stor der òg. Då kan det ikkje visast til noko motvekt for CO<sub>2</sub>-danninga, slik nydyrkning til planteproduksjon kan gjennom fotosyntesen.

## 4. Dyrkingsmetode

Ved dyrking av myr vert det stadig oftare gjennomført slik at torvlaget vert liggjande under fastare masse. Ved denne metoden vert torvlaget ikkje liggjande open, og dermed vil omdanninga og frigjeringa av diverse klimagassar verta sterkt redusert. Ein bør forska på korleis ein kan dyrka myr på ein meir klimavenleg måte.

## 5. Torvlag

Vi reagerer på at det i høyningsbrevet vert teke utgangspunkt i dyrking av 2 meter tjukt torvlag når ein oppgir kor mange tonn med CO<sub>2</sub> som vert frigitt pr. dekar gjennom nedbrytingsprosessen. Det er heller sjeldan at torvlaget er så tjukt.

## 6. Nedbygging av dyrka jord

Det vert gitt løyve til nedbygging av altfor mykje dyrka jord i Noreg, som dermed forsvinn som jordbruksareal. Det er viktig at bønder som mister verdifullt produksjonsareal kan kompensera delar av dette med nydyrkning – også av myr.

Rådmannen vil ut frå dette tilrå at Formannskapet går imot at LMD innfører eit forbod mot dyrking av myr større enn 2 dekar og med torvlag på minst 30 cm.

**Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

Bjerkreim kommune går sterkt imot forslaget til endring av § 6 i nydyrkingsforskrifta, som vil resultera i forbod mot dyrking av myr; jfr. grunngjevinga ovafor. Skulle det derimot likevel verta innført noko forbod, må omfanget verta langt mindre. Forbodet må evt. gjelda myr som har eit langt djupare torvlag enn 30 cm, og dyrking der torvlaget vert liggjande under fastare jordlag, må kunna godkjennast.

**19.04.2010 Driftsutvalet - Møtebehandling:**

Rådmannen sitt forslag blei samrøystes vedteke.

**DRU-021/10 Vedtak:**

Bjerkreim kommune går sterkt imot forslaget til endring av § 6 i nydyrkingsforskrifta, som vil resultera i forbod mot dyrking av myr; jfr. grunngjevinga ovafor. Skulle det derimot likevel verta innført noko forbod, må omfanget verta langt mindre. Forbodet må evt. gjelda myr som har eit langt djupare torvlag enn 30 cm, og dyrking der torvlaget vert liggjande under fastare jordlag, må kunna godkjennast.